



Johannes Hjønnevåg har gjort og gjer ein stor innsats i lokalsamfunnet. Her er han saman med faren Alf ved starten av prosjektet Hagetunet. Foto: Ola Matti Mathisen

Johannes Hjønnevåg (42) er tilsett som produksjonssjef i familiebedrifta Brødrene Hjønnevåg AS. Han tiltrer 4. august. Bedrifta vart starta av bestefaren hans, Henrik Bastiansen Hjønnevåg

Johannes har i ei årrekke vore salsdirektør i Harding. Han eig 10 prosent i Brødrene Hjønnevåg.

Til Kvinnheringen seier han at det vert ein veldig stor overgang, men noko av det han har sakna mest i Harding er å gjera noko praktisk med hendene. Det får han høve til no.

Han har god kjennskap til den nye arbeidsplassen ettersom han frå unge år var med faren på jobb og har vore tilsett der år om anna.

Han har sto tru på framtida for fiskematprodusenten og viser til eit stort utviklingspotensial. Store bedrifter som REMA og Lerøy er på kundelista og no skal dei investera i nytt produksjonsutstyr.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen



